Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: S-Trl.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Oppdal.

Emne: Julenissen Bygdelag:

Oppskr. av: Ola J. Rise Gard:

(adresse): Mjøen, Oppdal. G.nr. Br.nr.

A. Merk ~~av om~~ oppskrifta er (sørleg) etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

74 Kårmann

SVAR

1. Ein har kjent til slik Julenisse i dei siste 40-50 åra. Synte seg vel helst på juletrefestar i ungdomshus, på skular eller og i heimane.

2. Først visstnok mest berre godter. No alle slags gåvor. Denne Nissen fer ut-att helst stillt og løgnleg som han kjem, og har sjeldan høve til å „ta inn" og fortære traktering.

3. Einkvar i huslyden heime. (I grannelag kan ein låne Nisse til fleire heimar) og styres-folk på lagsfestar. Det blir såleis nisse med storleiken.

4. Maske med kvitt skjegg. Oftast kledd i loden skinnmudd og med raud topphuve.

5. Ein lagar ofte maske av papp eller ty. Men mange kjøper.

5473

6. Ja.

7. Nei

8. Omvegeo gjer ein vel samanlikning. Men det er mindre snakk om dit.

9. På lag samtidig med at den synberre Julenissen kom og kanskje helst litt tidlegare var det snakk om, og delvis praktisert at bonna skulle leggje ut hosor og sakkar, som ein "Gjern" nisse fyllte gåvor i åt snilde ungar. (Jfr. St. Claus i Amerika.)

Den eldste bøgdanissen heldt ved juletida til på låven og synte seg sist og mest tydeleg i fjøs og stall til kort innat slutten på 1800-talet. Han var alltid liten, og døgdde truleg langsamt i vandt på framsett graut. Og stod opp-att, eller fram att, i meir handgripeleg kjøts skapnad som utkledd menneske.

5473

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING